



Arkivnr: 2014/1095-4

Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		
Fylkestinget		

### Fritak frå verv i selskap - suppleringsval

#### Samandrag

Odd Vegard Paulsen, Fremskrittspartiet har søkt fritak frå vervet som varamedlem i styret for Moster Amfi AS. Grunngevinga er at han på grunn av studiar har flytta frå Bømlo til Oslo.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt fritak då det er vanskeleg å skjøtta vervet som varamedlem i eit selskap når ei bur så langt unna og det kan verta innkalling på kort varsel.

#### Forslag til innstilling

1. Odd Vegard Paulsen, Fremskrittspartiet vert fritaken frå vervet som varamedlem i styret for Moster Amfi AS for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. For resten av valperioden 2011 – 2015 vert ..... vald som varamedlem i styret for Moster Amfi AS.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.03.2014**

Odd Vegard Paulsen, Fremskrittspartiet skriv i e-post 05.03.14:

«Søkker med dette om fritak frå mitt verv som varamedlem i Moster Amfi AS. Eg er, grunna studier, flytta frå Bømlo til Oslo og kan ikkje lenger oppretthalda mitt engasjement overfor styret.»

Paulsen er varamedlem for Elisabeth Eide Tharaldsen.

**Rettsleg grunnlag**

Kommunelova § 15 nr 2 omhandlar fritak etter søknad:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet.»*

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

”Fritak er betinget av at vedkommende ”ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet”. Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet ”belastning” som alternativ til ”vanskelighet”, kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

”Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet ”uforholdsmessig vanskelighet” rekker og foreslår derfor formuleringen ”...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning ...” for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.”

Aksjelova gir styremedlem rett til å tre tilbake før tenestetida er ute dersom det ligg føre særlege grunnar, jfr. § 6-7.

**Vurdering**

Odd Vegard Paulsen har søkt fritak på grunn av flytting i samband med studiar. Eit varamedlemsverv inneber ofte innkalling på kort varsel. Etter fylkesrådmannen si vurdering kan det verta «uforholdsmessig» vanskeleg å kunna møta med kort frist og slik oppfylle plikta. Det vert difor rådd til å gi fritak.

Fylkestinget vert rådd til å gjera suppleringsval til styret for Moster Amfi AS for resten av valgperioden 2011 – 2015.